



18 unge med tilknytning til universiteta i Bergen og Oxford ror no 250 kilometer i 6 oselvarar og var innom Uskedalen i dag. Turen går frå Tysnes til Bergen med omveg mellom anna til Kvinnherad og tek ei veke. Roarane kjem frå 5 land og gjennomfører turen for å halda ein stolt båttradisjon i live.

Den eldste av nasjonalbåtane som er med vart bygd i 1854 .Fleire av deltakarane har rodd for Oxford på høgste nivå.

Dei ror heilt til Norheimsund før dei returnerar til Tysnesfest og tevling mot lokale roarar fredag. Dagen etter kjem dei til Bergen.

På biletet kjem Anders Gundersen og Steph Peate til Uskedalen med det nye bustadkomplekset på Eikelandet bak.

Av Ola Matti Mathisen
Foto: Kvinnheringen